

Sjølveste selfieturen i Bergsjøområdet



Om du har fanga auren med berre hendene, plukka molte eller laga deg ein bukett med dvergbjørk er Mørehovda staden for å dokumentere dette, med foto og sol i bakgrunn. Her skal du helst ikkje vere aleine for nøkken i Djupedalstjerne heldt auga med deg, men har du gode tankar om andre og vil dei vel er det ingen fare.

Start turen med å gå stigen opp bakkane frå Bergsjøstølen til du kjem til Krokktjørne. Fortsett deretter på lett stig innover om lag 1 km. Der finn du stigen som tek av til høgre og går opp til toppen av Mørehovda.

I frå Mørehovda ser du austover mot Golsfjellet og Vassfaret. Sørøver ser du mot Dyna. Og mot vest er Hallingskarvet i majestet med Storeståta, Miljonuten, Veslekvelvi, Storekvelvi, Storeskuta og Follarskaret. Vidare mot vest er det Blåbergi og Skorpa ein ser, i botn der er den kjende turisthytta i lungsdalen

Gå same stigen nedatt frå Mørehovda og for å få ein fin rundtur fortset du mot nord til neste stikryss. Der svingar du skarpt til høgre og går søraustover forbi Blånatten og fram til Bukkestølen. Derfrå går du bilvegen vestover til du er tilbake ved Bergsjøstølen.

Området nord for Mørehovda er kalt Djupedalen, der er det påvist runeteikningar av dyr. Dette vart sist leita etter på 70-talet utan hell. Det er sagt at det skal vere på ein nærmast loddrett fjellveg, finn du denne blir du omtala i lang framtid.

Dyretråkket som kjem frå Langetjern og går vestover på nedsida av Mørehovda, og vidare til Eitre er ein av bufartstraseane frå Vats til Eitre / Blomestøl. Bufarvegen som kjem frå Hesthovdstølen, går over Storeberget – Blånatt og retning Eitre. Dette var ein av traseane som var brukt for å kome frå bygda via Fødalen og Sandalen til Lærdal i Sogn.



For meir detaljert kart sjå: Reineskarvet 1:50.000.

Kjør Nordbygdvegen (Fv. 244) gjennom Vats til Bergsjø.

Ved Bergsjøstølen eller på Bergsjøtoppen.

Ca 6,5 km for rundturen. Ca 1,5 time.
1100 – 1249 moh.

Runeteikningar av dyr i Djupedalen, nord for Mørehovda. Gamal bufarveg.

God stig i lett høgfellsterreng.